# Meland kommune

Meland kommune kulturavdelinga v/ Eirik Bouwer Utne

| Referanser: | Saksbehandlar: | 02.04.2019 |
|---|---|---|
| Dykkar: | Marius Flemmen Knudsen | |
| Vår: 19/685 - 19/7454 | marius.knudsen@meland.kommune.no | |

## Søknad om bygging av landbruksveg - Kveldsolsvegen på Gbnr. 37/4 og 5 Søre Ådland i Meland kommune.

**Tiltak: Bygging av landbruksveg på ca. 50 meter i vegklasse 8.**
**Gbnr: 37/4 og 5**
**Kommune: 1256 Meland**
**Frist for uttale: 30.04.2019**

Meland kommune har motteke søknad frå Kent Gullaksen om å få byggje ein landbruksveg på Søre Ådland. Det vert søkt om å få byggje ein traktorveg i vegklasse 8 på ca. 50 meter. Den nye vegen skal vere tilkomstveg til eit skogareal/vedteig.

Det er i dag ikkje vegtilkomst til arealet, som nyttast som vedteig på eigedomen. Det omsøkte arealet ligg på toppen av ein mindre høgde, og det er på store delar av høgda for bratt til å komme til toppen. Vidare gjer terrenget at det er vanskeleg å få ut tømmer på ein enkel og god måte. Omsøkt vegtrase er den einaste ruta til arealet grunna terreng og nabohytter. For å kunne nytta denne teigen til ved på ein rasjonell og effektiv måte er det trong for veg. Vegen har 100 % skogbruksformål.

Etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, Kap.3 sakshandsaming, vedtak og vilkår mv § 3 -1, skal kommunen før eit vedtak fattast, innhenta dei ut taler som er naudsynte, jf. § 1 -1. Kommunen ynskjer å klarleggje om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før søknaden vert handsama. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Vedlagtfølgjer søknaden, kart med planlagt vegtrase og oversiktskart

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

**Vedlegg:**
Søknadskjema landbruksveg Gbnr. 37-4 og 5
Kartvedlegg Gbnr. 37-4 og 5

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kent Roy Gullaksen | Ådlandsvegen 1003 | 5919 | FREKHAUG |

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Meland kommune kulturavdelinga v/ Eirik Bouwer Utne | | | |